

# Årsmelding for Vaksdal kyrkjelege fellesråd 2024



# Innholdsfortegnelse

<b>1.0 Innleiing frå kyrkjevevja</b> .....	<b>3</b>
<b>2.0 Medlemmar i fellesrådet</b> .....	<b>4</b>
2.1. Om Fellesrådet .....	5
<b>3.0. Oversikt over den kyrkjelege organisasjonen</b> .....	<b>6</b>
<b>4.0 Stillingar i kyrkjene i 2024</b> .....	<b>7</b>
<b>5.0 Statistikk for sokna i Vaksdal 2024</b> .....	<b>7</b>
<b>6.0 Budsjettgrunnlag for 2024, bakgrunn og kommentarar av dei viktigaste punkta</b> .....	<b>8</b>
<b>6.1. Kommentarr til budsjettfunksjon 041 administrasjon</b> .....	<b>8</b>
6.1.1. Diakoni .....	8
6.1.2. Kontormedarbeider.....	9
6.2. Kommentrar til budsjetts funksjon 042 kyrkjer .....	9
6.3. Kommentrarar til investeringsramme på funksjon 042, kyrkjer .....	9
<b>7.0 Gravplassforvaltninga i Vaksdal, Budsjettets funksjon 043</b> .....	<b>9</b>
7.1 Ny GPS måling og SOSI standard på gravplassen .....	10
7.2 Kommentrarer til investeringsramme på funksjon 043, gravplassar .....	10
7.2.1 Ny GPS måling og SOSI standard på gravplassen .....	10
7.2.2. Utvidelse av Dale gravplass .....	11
<b>8.0 Kyrkjemusikk 2024</b> .....	<b>11</b>
<b>9.0 Trusopplæring og konfirmantarbeid 2024</b> .....	<b>13</b>
<b>10.0 Diverse prisar og satsar for 2024</b> .....	<b>15</b>
<b>11.0 Kyrkjebladet for Vaksdal</b> .....	<b>16</b>
<b>12.0 Straumutgifter kyrkjene</b> .....	<b>16</b>
<b>13.1 Kommentrarar til vedlagt rekneskap</b> .....	<b>17</b>
13.1 Festeavgifter.....	17
13.2 Sumarstell og gravlegat.....	18
<b>14.0 Vedlagt regnskap for VKF 2024 med notar og revisors melding</b> .....	<b>19</b>



# 1.0 Innleiing frå Kyrkjeverja

Årsmeldinga skal ta utgangspunkt i, og gje ei vurdering av, vedtekne målsetjingar, planar og budsjett. Årsmeldinga er utarbeida etter «foreskrift om økonomiforvaltning for sokna i den norske kyrkje §12»

På denne måten kan ressursbruken på ulike områder vurderast, og leggja grunnlag for kommande års planar og budsjett.

Årsmeldinga skal gje opplysningar som er viktige for å vurdere fellesrådet si økonomiske stilling, og andre forhold som ikkje utan vidare går fram av rekneskapen.

Vaksdal kyrkjelege fellesråd (VKF) bad om 4.750.000 til drift i 2024. Kommunestyret løyvde 4.300.000 til fellesrådet. Det vart løyvd fyrst 200.000 i frie midlar til investering. I løpet av 2024 vart det løyvd ytterlegare 750.000 til investeringar innanfor ENØK samt digitalisering av gravplasskart (SOSI standard). Dei totale løyvingane gjer at drifta til fellesrådet har gått som normalt. Men vedlikehaldet av kyrkjer og gravplassar har eit stort etterslep. Det er ikkje mogleg å drive planmessig vedlikehald, og dette er ei stor bekymring.

Det er viktig for VKF å målbera dei reelle utgiftene som organisasjonen hadde hatt om ein skulle drive forsvarleg etter trdomssamfunnslova og gravferdslova. Me leverte også inn ein fullstendig økonomiplan til kommunen der me gjorde grundig greie for behovet for driftsmidlar, samt utgifter som me ser vil komma dei næraste åra. For utan vedlikehaldsetterslepen som alt er nemnt, er det også behov for ein merkantil stilling, og det er behov for ein diakon.

Straumprisar samt den høge inflasjonsraten gjer at 2024 har vore eit år med høge utgifter. Me ser at utgiftene våre til systemkostnadar aukar kraftig. Denne auken skuldast at tenesteleverandørane har auka sine prisar på grunn av den generelle inflasjonen i samfunnet. Posten kjøp av diverse tenester og honorar er også underbudsjettet. Her er det kostnaden ved drift og vedlikehald av gravplassane, som har vore høgare en budsjettet. Desse kostnadene er svært vanskelege å kutte. Administrasjonen treng IT systemene for å kunne drifte kyrkjekontoret og gravplassforvaltninga på ein forsvarleg måte, innanfor dei lovkrava som er. Det er også slik at gravplassane våre må klippast som sumaren, for å oppretthalda ein verdig standard på desse.

Vaksdal kommune har også ein tenesteytingsavtale med Vaksdal kyrkjelege fellesråd om tenesteyting på gravplassen. Verdien av denne avtalen vert kvart år satt til den reelle kostprisen av dei tenestene som kommunen yter på gravplassane i Vaksdal.

Sidan fellesrådet har måtta driva i fleire år med svært knappe midlar, er det nesten ikkje pengar igjen på driftsfond.. Likviditeten til fellesrådet er også ei stadig bekymring. Om det ikkje skjer drastiske endringar frametter vil fellesrådet sin drift gå i minus

Med alle dei utfordringane som har vore i 2024, sit VKF igjen med eit klart ynskje om tettare samarbeid med kommunen. Dette trur me er den beste løysinga på dei utfordringane me har.

## 2.0 Medlemmar i fellestrådet

Fram til og med 21/3-24

Leiar:	Lars Patterson	Eksingedalen sokneråd Vara: Olaug Elisabeth Holdt
Nestleiar	Elisabeth Verpelstad	Dale sokneråd Vara: Trond Vaksdal
Medlem	Anne Margrete Eikefet	Stamnes sokneråd Vara: Eidrun S Normann
-----	Berit Pettersen	Bergsdalen sokneråd Vara: Anne Hilde Fosse Osvold
-----	Heidi Rongve	Vaksdal sokneråd Vara: Per Normark
-----	Anita Gullbrå	Nesheim sokn Vara: Håkon Øvstedal
-----	Frode Kvamsøe	Geistleg representant Vara: Arild Hellesøy
-----	Ole Anders Brekkhus	Vaksdal kommune Vara: Tor-Arne Helle
Sekretær	Bjart-Magnus N Rosvold	Kyrkjevevje

Etter 21/3-25

Leiar	Elisabeth Verpelstad	Dale sokneråd Vara: Trond Vaksdal
Nestleiar	Heidi Rongve	Vaksdal sokneråd Vara: Per Normark
Medlem	Anne Margrete Eikefet	Stamnes sokneråd Vara: Eidrun S Normann
-----	Berit Pettersen	Bergsdalen sokneråd Vara: Anne Hilde Fosse Osvold
-----	Rune Nesheim	Eksingedalen sokneråd Vara: Olaug Elisabeth Holdt
-----	Anita Gullbrå	Nesheim sokn Vara: Håkon Øvstedal
-----	Frode Kvamsøe	Geistleg representant Vara: Arild Hellesøy
-----	Ole Anders Brekkhus	Vaksdal kommune Vara: Tor-Arne Helle
Sekretær	Bjart-Magnus N Rosvold	Kyrkjevevje

## 2.1 Om fellesrådet sitt arbeid.

Fellesrådet sine medlemmer er indirekte valt etter kyrkjevalet og kommunevalet. Det er ein representant frå kvart sokn i Vaksdal kommune, samt ein representant frå kommunen og ein geistleg representant (prest). 75 % av representantane i fellesrådet er kvinner. Fellesrådet søker å ha likestilling mellom kjønna i dei utval/grupper ol. som fellesrådet har ansvaret for. VKF hadde 6 møter og handsama 44 saker i 2024. Møta har dette året vore haldne i Eksingedalen kyrkje, Stamnes kyrkje, Bergsdalen Kyrkje og på kyrjekontoret. Det er kyrkjeverja som i samarbeid med eit arbeidsutval førebur sakene til fellesrådet. Kyrkjeverja er sekretær for fellesrådet. Fellesrådet sine møter er offentlege og opne for tilhøyrar. Mange av sakene frå 2024 omhandlar den økonomiske situasjonen til fellesrådet. Knappe resursar og store utgifter gjer prioritertingane til fellesrådet ekstra utfordrande. Gravplassane er også eit tema som går igjen i møta våre. Dei fleste gravplassane i Vaksdal har behov for vedlikehald og opprusting.


Kyrkjeverja rapporterer tertialvis på økonomien. Dette fell saman med kommunen sin rapportering på økonomi. Kyrkjeverja oppdaterer fellesrådet på likviditet og økonomisk situasjon på alle møter gjennom året. Det er viktig for fellesrådet å ha ei stødig hand på rattet, når utfordringane er så krevjande som dei er. Fellesrådet fryktar at om den økonomiske situasjonen ikkje vert betra vil ein til slutt stå i ein situasjon der ein ikkje har likvide midlar på konto.

Det er sju kyrkjebygg i Vaksdal kommune. Dette er ein stor bygningsmasse og vedlikehalde. Budsjetta er knappe, dette gjer at det er vanskeleg å planlegge eit strukturert vedlikehald over tid. Det er ofte «brannsløkking» som gjeld.

Kommunen har 8 gravplassar, Fellesrådet er gravplassadministrasjon i Vaksdal. Fellesrådet har stort ynskje om at det kjem fortgang i planlegginga og bygginga av ny gravplass på Dale. Denne skal innehalda både namna minnelund, og retningsbestemte graver.

I 2024 fekk fellesrådet saman med Voss og Ulvik kyrkjelege fellesråd midlar frå KA for å sjå nærare på potensiale for samarbeid. Kyrkjeverja har vore i jamlege møter kring dette temaet i heile 2024. Prosjektet kjem til å enda ut i ein prosjektrapport som vert presentert for dei respektive fellesråda i 2025. I denne rapporten vil det komma konkrete forslag til korleis samarbeid på fleire fagfelt kan vera både billigare og betre når 3 fellesråd gjer dette saman.

## 3.0 Oversikt over den kyrkjelege organisasjonen



Den norske kyrkja har delt leiarskap. Fellesrådet tilset dei kyrkjelege medarbeidarane lokalt, medan prestar er tilsett i bispedømmet. Sokna er det den juridiske eininga i kyrkja, og fellesrådet jobbar for, og på vegne av, sokna i Vaksdal. Kyrkjeverje Bjart-Magnus N Rosvold er dagleg leiar i fellesrådet og gravplassforvaltninga. Det er biskopen som er arbeidsgjevar for prestane i Vaksdal. Biskopen tilset mellom anna prestar, og bestemmer kva gudstenester me skal ha i kommunen. Sokneprest Edvard Bø er i Vaksdal og Stamnes sokneråd. Sokneprest Frode Kvamsøe er i Bergsdalen, Dale, Eksingedalen og Nesheim sokneråd.

Gjennom forskjellige råd og utval er det mykje kontakt og samarbeid mellom arbeidslinjene. Dei pilane som er teikna inn, viser berre dei viktigaste bindingane.

## 4.0 Stillingar i kyrkjene i 2024

1=Vaksdal,	5 = Eidsland
2=Dale,	6 = Eksingedalen
3=Bergsdalen,	7 = Nesheim
4=Stamnes	

Kyrkjetenarar (1,2,3,4,5,6,7)	6 personar	0,7 årsverk	
Kyrkjeg.arb (3,5,6,7)	2 personar	0,2 årsverk	
Kyrkjeg.arb (1,2,4,8)	tenesteyting	0 årsverk ledig.	
Reinhaldarar (3,6,7)	2 person	0,2 årsverk	
Sekretær	1 stilling	0,4 årsverk	0,6 årsverk ledig
Kyrkjevevje	1 person	1,0 årsverk	
Kantorar	2 personar	1,5 årsverk	
Trusopplærar	1 Person	0,7 årsverk	
Diakon	0 Person	1,0 Årsverk	1,0 årsverk ledig

---

<b>Sum</b>	<b>15 personar tilsette</b>	<b>2 ledige stillingar .</b>
	<b>5 årsverk (om lag)</b>	<b>1,6 ledig årsverk</b>

Kyrkjetenar, organist, kyrkjevevje og klokkar er lovpålagte stillingar.

## 5.0 Statistikk for sokna i Vaksdal 2024

### Litt om tala i tabellen

Tala i tabellen er basert på dei tala som kyrkja har levert inn til Statistisk sentralbyrå. I talet på gudstenester ligg dei ordinære gudstenestene i kyrkjene våre, ekstra gudsteneste ved gjestande kyrkjelydar o l, skulegudstenester og nattverdsgudstenester. Andaktar er andaktar på institusjonane på Dale og Vaksdal. I Stamnes sokn er det to kyrkjebygg eit på Stamnes, og eit på Eidslandet. Tala gjeld samla for begge kyrkjene. I tala på gravlagde på Dale er også gravleggingar på Stanghelle tatt med.

Tala på gravferder gjeld alle gravferdsermomniar i Vaksdal for 2024. Det har vore 48 seremoniar dette året. Urneandelen i Vaksdal er dette året 35% mot 32,5 % i 2023. Dette året har det ikkje vore gjennomført gravferder i Vaksdal som ikkje er kyrkjelege.

Tala på vigslar gjeld både vanleg kyrkjeleg vigsel og forbønshandlingar for tidlegare inngåtte borgarlege ekteskap. Me hadde 2 innmeldingar og 8 utmeldingar dette året. Sjølv om me har spora ein viss nedgang i medlemsmassen dei siste åra, held det totale medlemstale seg ganske stabilt, totalt har kyrkja i Vaksdal 2865 medlemmer.

Aktivitet	Bergsdalen	Dale	Eksingedalen	Nesheim	Stamnes	Vaksdal	Totalt
<i>Gudstenester</i>	10	25	8	8	23	22	96
<i>Frammøtte</i>	244	1502	115	180	912	1181	4134
<i>Døypte</i>	1	13	0	1	3	5	23
<i>Konfirmantar</i>	2	14	0	0	4	18	38
<i>Vigslar</i>	1	3	0	1	0	2	7
<i>Gravferder</i>	1	21	0	2	8	16	48
<i>Innmeldte</i>	0	0	0	1	0	1	2
<i>Utmeldte</i>	0	3	0	1	0	4	8

# 6.0 Budsjettgrunnlaget for 2024, bakgrunn, og kommentarar av dei viktigaste punkta

Vaksdal kyrkjelege fellesråd (VKF) bad om 4.750.000 til drift i 2024. Kommunestyret løyvde 4.300.000 til fellesrådet. Det vart løyvd fyrst 200.000 i frie midlar til investering. I løpet av 2024 vart det løyvd ytterlegare 750.000 til investeringar innanfor ENØK samt digitalisering av gravplasskart (SOSI standard). I tillegg til dette kjem verdien på tenesteytingsavtale som kommunen har med fellesrådet. Denne er etter kostprinsippet berekna til kr 1.185.000

*Budsjettframlegget var bygd på føresetnadane i trossamfunnsloven §14 og gravferdslova § 3 om kommunen sitt økonomiske ansvar.*

## 6.1 Kommentarar til budsjettets funksjon 041 Administrasjon

### 6.1.1 Diakoni

Diakoni er kyrkja si omsorgsteneste uttrykt gjennom praktisk handling i medmenneske sin kvardag, og dette arbeidet er både førebyggjande og lindrande i sokn og nærmiljø. Arbeidet bygger i stor grad på frivillige ressursar og utstrekt samarbeid med andre organisasjonar og det offentlege hjelpeapparat. Dette skal være et lågterskeltilbod i nærmiljøet til både barn, unge og vaksen. Samtalegrupper, kulturaktivitetar, leksehjelp og språkopplæring er noko av det kyrkja kan tilby i denne typen stilling. Kyrkja erfara ein auka etterspørsel frå menneske i forskjellige livssituasjonar og fasar, der dei har bruk for diakonale tiltak.

Kyrkja i Vaksdal har diverre ingen eigen diakon, men desse arbeidsoppgåvene vert likevel ivaretatt gjennom det arbeidet som kyrkjelydspedagogen og prestane i Vaksdal gjer.

### 6.1.2 Kontorarbeidarar.

Vaksdal kyrkjelege fellesråd har i lengre tid hatt behov for ein merkantil medarbeidar. I lengre tid har det vore slik at kyrkjevevja har hatt ansvaret for alt merkantilt arbeid ved kyrkjekontoret i Vaksdal. Dette gjer organisasjonen svært sårbar. Den fører også til at både kyrkjevevja, og andre tilsette ofte lyt gjera arbeid som ikkje ligg under deira stillingsinstruks. Når ein sit med hovudansvaret for kyrkjebygg og gravplassforvaltninga er det viktig for VKF at dette vert trygga på ein god måte.

Vaksdal kyrkjelege fellesråd er ei IA bedrift. I 2023 vart det inngått eit samarbeid med NAV. Dette har fungert svært bra, og hjelpt oss slik at me no har hatt moglegheit til å tilsette ein fast merkantil resurs i 40% stilling. Erfaringa me har med å samarbeide med NAV er svært positive. Fellesrådet vonar at me også skal få anledning til å gjere slike sammarbeid i framtida.

## **6.2 Kommenterarar til budsjettets funksjon 042, kyrkjer.**

Kyrkjebygga våre er monumentale bygg – signalbygg i landskapet – som betyr svært mykje for mange av innbyggerane i Vaksdal.

Også dette året har me hatt noko midlar til vedlikehald. Grunna budsjettsituasjonen er det diverre mykje «brannsløkking» og for lite av det planlagt vedlikehald. Me ser også dette året at det meste av det me har brukt pengar på er å fornye og vedlikehalda gamle VVS løysingar. Det er også gjort ein del vedlikehald av tak.

I Desember vart Bergsdalen kyrkje alvorleg skada av flaum i kjellaren. Mykje av skadane er til alt hell dekka av forsikring, men fellesrådet må nok også rekna med at det kjem til å koste dei fleire hundre tusen. Grunnen til dette er at ein kan vente seg at forsikringselskapet vil pålegge fellesrådet å gjera tiltak slik at dette ikkje skjer igjen.

Sokneråda gjer ein betydeleg innsats på vedlikehaldsfronten. I 2024 er det rapportert inn fleire **300** dugnadstimar totalt. Utan denne innsatsen ville vedlikehalde av kyrkjene vore mykje dårlegare, og dei staselege gamle bygga ville ha forfalt.

## **6.3 Kommenterarar til investeringsramme på funksjon 042, Kyrkjer.**

### **6.3.1 Universell utforming Dale kyrkje**

Kyrkjene våre er bygg som stadig treng oppgraderingar. Det er eit ynskje om at alle skal kunne nytte kyrkjene våre. Dale kyrkje er den kyrkja i kommune der det er mest aktivitet. I tillegg til kyrkjelege handlingar, vert den nytta mykje som konsertarena for kor, korps og andre. I fleire år har det vore eit ynskje frå folk på Dale og Dale sokneråd, at det vert laga ein inngang som er universelt utforma. Dette prosjektet er prisa til 0,5 mill.

Fellesrådet er glade for at rullestolrampa kom på plass i slutten av dette året, og vil bli tatt i bruk 2025.

### **6.3.2 Toalettbygg Nesheim**

Det er bestemt at det skal byggast eit eige toalettbygg i tilknytning til Nesheim kyrkje. I 2024 er det starta søknadsprosess, teikning av bygg samt at det er kjøpt inn skifertak til bygget. Bygget er planlagt ferdig stilt sumaren 2025

## 7.0 Gravplassforvaltninga i Vaksdal, budsjettets funksjon 043.

VKF som gravplassforvaltning for Vaksdal kommune legg vekt på å bevare gravplassar der folk bur, i tråd med kommunens planer og strategi. **Gravplassane er livsynsopne og for alle innbyggjarane i kommunen.** Det skal leggjast til rette for alternative gravferdsformer som til dømes retning bestemte graver og namna minnelund. Det er naturleg at ei slik tilrettelegging vert gjort på dei meir sentrale gravplassane i kommunen (Dale og Vaksdal). Gravplassane i Vaksdal skal ha parkstandard, og skal vera ein eigna stad til ro og ettertanke.

Me ynskjer å ta vare på dei av gravplassane våre som er freda etter kulturminnelova (Stammes, Eksingedalen og Nesheim). Fellesrådet er no i gang med å lage ein eigen verneplan for desse samt andre enkelt monument på andre gravplassar i kommunen som ein skal ta slikt omsyn til.

### 7.1 Verdibevarende vedlikehald av gravplassar.

I tillegg til dei gravplassane kommunen har ansvar for gjennom tenestyttingsavtala mellom kommunen og fellesrådet, har kyrkjeleg fellesråd ansvar for 4 gravplassar. På desse gravplassane står det også bygg som skal vedlikehaldas (redskapsskur, klokketårn). Me ser spesielt at fleire av bygga har behov for naudsynt vedlikehald. Slik drifta er i dag kan ein vanskeleg syte for at gravplassane våre vert haldne i hevd, slik som folk i Vaksdal har krav på. Me har difor i fleire år prøvd å auke budsjettet på gravplassane for å bøte på dette.

Det vart heller ikkje her løyvd nokon ekstra midlar i 2024. Sjølv om det er gjort noko mindre arbeid på gravplassane som fjerning av vekstar, og ny grus på gangvegar er det mykje arbeid som står at. Igjen er det dugnaden som reddar fellesrådet. Sokneråda spesielt på dei mindre plassane har stor omsut for gravplassane. Det hender titt og ofte at soknerådet gjer dugnad på gravplassane som t.d. luking, grusing av vegar, rette opp gravsteinar osv. Fellesrådet er svært glade for denne innsatsen, og vil ikkje være den forutan. Samtidig er det bekymringsfullt at ei offentleg forvaltning skal vera avhengig av dugnad for å få jula til å gå rundt.

### 7.2 Kommenterarar til investeringsramme på funksjon 043, gravplassar

#### 7.2.1 Nye GPS oppmålingar og SOSI standard på gravplassane.

Som elles i samfunnet er det innanfor fagfeltet gravplass aukande digitalisering. Som krav til alle nybygde gravplassar ligg det no at det skal være SOSI-standard på gravkarta (*SOSI = Samordnet Opplegg for Stedfestet Informasjon*). Dette vil sei at alle graver skal ha eigne GPS koordinatar. Dette vil på sikt gjera arbeidet til administrasjonen og dei som gjer det fysiske arbeidet på gravplassen lettare.

Men før me kan gjera oss nytte av denne standarden står me framfor krevjande oppmålingar. Ein lyt rett og slett syte for at dei nye «GPS-karta» stemmer med det verkelege terrenget. Det manglar standard ting som fastmerke på fleire av gravplassane. Det er heller ikkje alltid gjort ein like god jobb når det gjeld å måle seg fram til kvar grava skal ligge. Dette gjer at over mange 10-år med omtrentleg måling er det ikkje mange snorrette rekker på gravplassane våre. Om me skal innføre SOSI standard vil det verta mykje praktisk arbeid på sjølve gravplassane. På enkelte gravfelt, vil ein nok måtte gå så langt at gravsteinar må flyttast. Me hadde i 2021 planlagt å starte opp dette arbeidet med eit forprosjekt. I 2024 har me lukkast å få investeringsmidlar som kan nyttas til dette formålet. Det er planlagt oppstart på arbeidet i 2025

### 7.2.2 Utviding av Dale gravplass.

Vaksdal kommune gav i sitt budsjett for 2018 1 million i mildar til eit forprosjekt for utviding av Dale gravplass. I 2021 har reguleringsplanen for den nye delen av gravplassen blitt satt igang. Reguleringsplan har tatt lengre tid en venta, og er ikkje ferdigstilt i 2023. Den totale investeringsramma på gravplassen på Dale vil ha ein minimumspris på 8 millionar. Den nye gravplassen vil innehalda nye element som t.d. namna minnelund. Kyrkjeleg fellesråd ynskjer også å få etablert eit livsynsnøytralt rom på gravplassen

## 8.0 Kyrkjemusikk 2024

Kyrkjemusikken er tilbake for fullt, etter pandemien. Dette året har me fått gjennomført det som har vore planlagt. Kyrkjemusikken er ein viktig del av både gudstenesteliv, så vel som gravferder og bryllaup. Organistane Ruben Gjertsen og Frode Vik spelar til gudstenester i Vaksdal. På toppen av dette vert det driven ei utstrekt aktivitet med konsertar, kor og undervisning. Under fylgjer ei kort oppsummering av denne aktiviteten.

### Undervisning og studiar

To orgelelevar frå Nesheim får undervisning i Dale kyrkje.

Ruben Gjertsen hadde avsluttande eksamen for kyrkjemusikkstudiet i Tromsø i uke 24, og fekk dermed ei fullstendig kantorutdanning.

### Julekoret

Julekoret hadde 3 øvingar november-desember og song på julegudstenestene 24/12 12.00 i Nesheim kyrkje, saman med Alida Nesheim, Ruben Gjertsen og band fra Nesheim-familien.

Stamnes barnekor øvde i Stamnes bedehus og opptredde:

- Stamnes bedehus 25/1: Soknerådsbasar.
- Stamnes bedehus 15/2: Minikonsert for foresatte.
- Stamnes skule 16.00: Haustkonsert med Blanke Messingen og Vaksdal Musikklag.
- Stamnes Kyrkje 10/11 16.00: Gudsteneste.
- Stamnes bedehus 21/11 17.30: Bedehusbasar.
- Stamnes Kyrkje 1/12 16.00: Lysmesse.
- Stamnes Kyrkje 15/12 17.00: Adventskonsert.

Kilden øvde i Vaksdal kyrkje og opptredde:

- Bergsdalen Kyrkje 31/3 18.00: Gudsteneste på første påskedag.
- Stanghelle bedehus 8/5 19.00: Siste møte før bedehuset vert reve
- Vaksdal kyrkje 29/5 19.00: Foredrag med Jørn Øyrehagen Sunde
- Daledagane 8/6 15.10 (utandørscene).
- Bergsdalen Kyrkje 8/9 11.00: Gudsteneste.
- Vaksdal bedehus 14/9 18.00: Marits 50-årsdag.
- Dale Kyrkje 30/11 16.00: Adventskonsert.

## Konfirmasjonsgudstenester

Konfirmasjonsgudsteneste Vaksdal Kyrkje 5/5 11.00, med Aksel Henning Holdhus på trompet.

Konfirmasjonsgudsteneste Stamnes Kyrkje 12/5 11.00, med Aksel Henning Holdhus på trompet.

## Musikkandakt

Dale kyrkje 8/6 13.00: Musikkandakt med Edvard Bø og Ruben Gjertsen (Daledagane).

## Konsertar:

- Stamnes kyrkje 28/3 10:30: Orgelresitasjon på skjærtorsdag med Ruben Gjertsen
- Vaksdal kyrkje 28/3 18.30: Orgelresitasjon på skjærtorsdag med Ruben Gjertsen
- Vaksdal kyrkje 13/4-2024 12.00: Konsert med Sori Trio
- Bergsdalen kyrkje 19/5 kl 11.00: Konfirmasjonsgudsteneste, med Elisabeth lid Trøen på saxofon.
- Dale kyrkje 6/6 kl 18.30: Konsert med Lars Ragnvaldsen og fleire aktørar, Lars i 80
- Dale kyrkje 21/9 19.00: Konsert med Tabula Rasa, framføring av Knut Vaages nye verk TID, bestilt av Kirkeautunalen. Konserten på Dale fekk stønad av av Morten Eide Pedersens Minnefond.
- Dale kyrkje 29/10 kl 19.30: Lina Sandell salmekveld, ved Bengt Arvidsson. Song, Ellen Marie Selland Geithung.
- Dale kyrkje 5/10 16.00: Katedralvinduer, musikk av Sigfrid Karg-Elert, orgelkonsert og gregoriansk sang ved Ruben Gjertsen. (1 organist og 1 publikummar)
- Eksingedalen kyrkje 26/10 16.00: Musikk av J.S.Bach, orgelkonsert ved Ruben Gjertsen
- Dale kyrkje 2/11 16.00: Katedralvinduer, musikk av Sigfrid Karg-Elert, orgelkonsert og gregoriansk sang ved Ruben Gjertsen. (Reprise: 1 organist og ca. 4 i publikum)
- Dale kyrkje 3/11 kl 16.00: Minnegudsteneste, Hege Anita Tveito, song.
- Dale kyrkje 30/11 16.00: Adventskonsert med Dale Musikkforeininga ledet av Per-Harald Molvig, og Kilden ledet av Ruben Gjertsen. Det ble også noko orgelmusikk. Adventstankar ved Eli Kringlebotten.
- Dale kyrkje 12/12 kl 19.00: Konsert med Dale Mannskor og Marianne Juvik Sæbø
- Stamnes kyrkje 15/12 17.00: Adventskonsert med Blanke Messingen, Stamnes barnekor, Martha-Lise Handal Langeland, Hege Eide Vik, Sunniva Gammersvik med elever, og Ruben Gjertsen. Adventstankar ved Edvard Bø.
- Eksingedalen kyrkje 15/12 kl 16.00: Adventskonsert med Heidi Nesheim - piano, Signe Nesheim - piano, Idun Fjeld - song, Vira Samoilenko - song, Øystein Haga - fløyte og Frode Vik - orgel og piano. Introduksjon ved Rune Nesheim.
- AVLYST pga. sykdom: Dale kyrkje 19/12 19.00. Helgasong med Berit Opheim.
- Vaksdal kyrkje 22/12 kl 19.00: Adventskonsert med Dale Mannskor, Kordial, Trine Duesund Straume - song, Hege Anita Tveito - song, Lars Arve Styve - trompet og Frode Vik - orgel og piano. Adventstankar ved Linda Lien. Introduksjon ved Tove Margrete Nordmark.

## 9.0 Trusopplæring og konfirmantarbeid 2024

Kristin Straume Normann er fast tilsett i 50% stilling som trusopplærar i Vaksdal. Denne stillinga er løna gjennom statlege trusopplæringsmidlar. Kristin er også aktivt med i konfirmantarbeidet. Denne stillinga på 20% er betala gjennom Bjørgvin bispedømme. Trusopplæringa i Vaksdal blir kalla «Vegen». Vegen i Vaksdal vil gje born og unge høve til å vekse i tru. Vegen er livs- og trusopplæring for alle i Vaksdal frå dei er døypt og til dei er 18 år. Aktivitetane er sjølvsgagte og opne for born og unge som ikkje er døypte.

Gjennom trusopplæringa skjer det ein god del aktivitet i og rundt kyrkjene våre. Både nye tiltak og tiltak som har vore gjennomført i dei ulike sokna i mange år. Sjølv om trusopplærar har hovudansvaret for mange av prosjekta skjer det i nært samarbeid med sokneråd, prestar, kantorar og eit stort tal frivilljuge. I mange høve er det dei ulike sokneråda som syter for at det er ressursar nok til at me kan ha alle desse tiltaka, til dømes når det gjeld frivilljuge og mat.

I starten av februar hadde me **Tårnagenthelg** med årets åtteåringar, 14 agentar frå mange stadar i kommunen. Dei lærte tårnagentsongen, var på oppdagingsferd og løyste oppdrag i kyrkja laurdagen, og deltok på ulike måtar i gudstenesta sundagen. **Lys Vaken** med årets elleveåringar vart òg gjennomført, med overnatting i Dale kyrkje for ein liten gjeng i slutten av januar. Her var det born med frå fleire av bygdene i kommunen, og dette er vorte ein fin tradisjon der me har gode, faste medhjelparar.



Påska blei innleia med **gudstenester med påskevandring** for både born og vaksne i Dale og Eksingedalen kyrkjer, der sjuåringar var spesielt inviterte, og alle som ville fekk laga seg sommarfuglar etterpå, og fekk gå på påskeegg-jakt.



Me heldt fram med å ha fire ulike samlingar under paraplyen **Superonsdag**, anna kvar veke på Vaksdal og Dale. Desse byrja med **babysong og småbornssong** to timar på føremiddagen, der det kom i gjennomsnitt 4-6 born med foreldre på kvar samling, og totalt over 20 born til saman gjennom året. **Etter skuletid** for 5.-7. klasse er ein møteplass for aldersgruppa. **Knøttesong** for 1-5-åringar har vore populært, og samla mellom 4 og 16 born kvar gong, over 30 born har vore med på samlingane til saman.

**Utdeling av bøker til fireåringane, seksåringane og tiåringane** blei gjennomført lokalt i Eksingedalen, Stamnes, Vaksdal og Dale kyrkjer, stort sett på hausthalvåret.

**Konfirmantane 2023/2024** blei konfirmerte våren 2024, og hadde felles undervisning i Dale kyrkje rett etter skuletid. **Konfirmantane 2024/2025** er 26 i talet, og vart presenterte lokalt i Stamnes, Dale og Vaksdal kyrkjer i august og september, var på konfirmantleir på Fagertun i slutten av september, og starta med gruppesamlingar i mindre grupper i Dale bedehus i oktober. Me heldt fram med opplegget Delta frå IKO, der konfirmantane får utdelt eigne bøker å jobba i med ulike tema me har på samlingane. Dette verkar kjekt og nyttig!

Me hadde òg **Generasjonssong** på sjukeheimane saman med Vaksdal friviljugssentral, ca ein gong i månaden, med dei yngste og eldste i kommunen.

**Andre tilbod til born og unge i regi av kyrkjelyden og/eller barne- og ungdomsorganisasjonar** er tilbod som ikkje vert rekna som trusopplæringstiltak. Dette vert likevel sett på som positive tilbod som kan vere med og gje støtte til trusopplæringsplanen. Av tilbod fins det barnekor på Stamnes, søndagsskular på Vaksdal og Straume, og barneforeining på Straume.



vegen



## 10.0 Diverse prisar og satsar for 2024

*I samsvar med kyrkjelova §20*

*Det vert ikkje kravd leige for våre egne arrangement i sokna.  
Kyrkjevevja tek avgjerd om innkrevjing av leige eller utgiftsdekning.*

